



Sven Tor-Björn Lampa  
Hammaren 11  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17397 - 21/63403

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
23.09.2021

## Orientering om status i sak - gbnr 327/119

**Tiltak:** Mogleg ulovleg tilfelle  
**Byggjestad:** Gbnr: 327/119 Hammaren 11  
**Tiltakshavar:** Sven Tor-Björn Lampa


### Saka gjeld

Kommunen har vore i kontakt med deg vedrørende mulig bruk av garasje til bustad.

### Vurdering av saka

Garasjen er frå før godkjent som garasje med rom godkjent for opphald på loft. Toalett og inngangsparti på grunnplanet. Kommunen var usikker på om heile garasjen var teken i bruk til bustadferemål som følgje av påbegynt søknad om bruksendring i 2016 og ba deg om ei tilbakemelding i 2017. Denne vart ikkje fulgt opp vidare i tidlegare Meland kommune og først tatt opp att i Alver kommune.

Kommunen var på synfaring på eignedommen den 08.09.21.





Vi har samanlikna godkjente tiltak på eigedommen med dei faktiske tilhøva på staden og finn at utført arbeid ikkje er i samsvar med det som er godkjent.

Dette gjeld etablering av oppholdsrom i delar av grunnplanet som er godkjent som garasje. Det er satt inn dør frå inngangsparti og etablert eit nytt rom i delar av arealet som er avsett til garasje. Endringa er ulovlig ettersom det bruksendring til oppholdsareal er søknadspliktig. I tillegg kan endringa ha medført at oppholdsareal ikkje lenger tilfredsstillar krav med tanke på brannsikkerhet mellom oppholdsareal og garasje. Ei slik endring krev søknad og godkjenning med bruk av ansvarleg føretak til å vurdere brannsikkerhet.

Vi orienterer difor om at saka per i dag har status som eit ulovleg tilfelle som kommunen på eit tidspunkt kan komme til å følgje opp etter pbl §32-5.

Kommunen oppmodar med dette brevet om at du retter opp i det ulovlige tilfellet slik at tiltaket vert i samsvar med det som er godkjent. Alternativt kan du forsøke å få tiltaket godkjent ved ein endringssøknad frå det som opprinneleg var godkjent.

### **Kva skjer vidare**

Vi vurderer at tilhøva på staden slik det går fram per dags dato som mindre alvorleg og vil difor ikkje gå vidare med saka på noværande tidspunkt.

Kommunen kan på eit seinare tidspunkt finne grunnlag for å ta saka opp att og krevje at du rettar opp i dei tiltaka som ikkje er i samsvar med det som er godkjent. Det kan også bli aktuelt å vurdere saka på nytt dersom situasjonen og bruken på eigedommen endrar seg frå slik vurderte det på noværande tidspunkt.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17397.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sven Tor-Björn Lampa

Hammaren 11

5919

FREKHAUG